



NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyring - søknad om Osen kraftverk i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 27.03.2017.

OM SAKA

Osen kraftverk vil nytte fallet i Oselva mellom kote 387 og kote 241. Nedbørfeltet er 3,1 km² og middelvassføringa ved inntaket er 390 l/s. Frå inntaket vil vassvegen gå i ei nedgraven røyrgate på nordaustsida av elva. Røyrgate vert om lag 420 m lang. Kraftverket skal ha ei maksimal slukeevne på 590 l/s, ein installert effekt på 710 kW, og ein årleg produksjon på 2,74 GWh. Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 13 l/s.

Frå 1.1.2010 er det fylkeskommunen som har fått delegert mynde frå Olje- og energidepartementet til å fatte vedtak i saker der det er søkt om konsesjon til bygging av kraftverk under 1 MW. All førebua saksbehandling skal gjennomførast av NVE, som gjev innstilling til fylkeskommunen. I NVE si orientering til høyringspartane, står det om fylkeskommunen si rolle i høyringsrunden i denne typen saker at «FK skal bidra med fagleg informasjon innanfor eige ansvarsområde, men er ikkje høyringspart i NVE si forberedande sakshandsaming».

Med bakgrunn i dette vert det no sendt over faglege merknader. Saka har difor ikkje vore til politisk handsaming. Det vi har faglege merknader til er knytt til vassmiljø og kulturminne.

VASSMILJØ

Oselva er no i *moderat økologisk tilstand* og har miljømål om å nå *god økologisk tilstand*. Påverknadar frå sur nedbør er årsaka til redusert miljøtilstand. Vassforskrifta opnar ikkje for å redusere vassmiljøet med mindre grunnlaget for å redusere miljøtilstanden ytterlegare er i tråd med vilkåra i § 12 i vassforskrifta. Tiltaket vil føre til at elva berre får minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring store delar av året. Store deler av elva frå inntaket til utløpet går i bratte stryk med unntak av eit roligare parti ved innløpet og ved utløpet i Nordstrandsvatnet. Store deler av det omsøkte området er for bratt for fisk. Størst potensiale for aure er truleg ved inntaket og litt ved utløpet til Nordstrandsvatnet. Vi kjenner ikkje til registreringar om fisk og anna biologisk mangfald i omsøkt område.

KULTURMINNEFAGLEG MERKNAD

Landskap

Store delar av Oselva renn ned over glatte berg i dalsida mot Osen gard. I fleire parti langs berga er elva brei slik at fossen er ekstra godt synleg frå Nordstrandsvatnet, og frå sørsida av vatnet. Oselva har eit forholdsvis stort nedslagsfelt med lite vegetasjon. Dette fører til ei rask avrenning i periodar med mykje nedbør. Elva utgjer på den måten eit viktig element både i landskapet lokalt og i det store landskapsrommet. I samband med ei eventuell kraftutbygging

kombinert med låg minstevassføring, vil store delar av elva miste volumet sitt og gjere mindre ut av seg. Ei låg minstevassføring vil føre til at vegetasjonen langs elva gror til, og elva vert mindre synleg i landskapet. Elvar, fossar og stryk utgjør ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Osdalen er lite prega av større tekniske inngrep. Landskapet langs vatnet er framleis prega av eit opent kulturlandskap i aktiv drift. Med redusert vassføring i elva, vil det planlagde tiltaket føre til store inngrep i landskapsbilete og påverke dei opplevingsverdiane som er knytt til det opne kulturlandskapet. Avbøtande tiltak og konsesjonsvilkår, kan vere å auke minstevassføringa, særskilt i periodar med låg vassføring i elva.

Kulturminne og kulturmiljø

Det skal vere fem SEFRAK-registrerte bygningar frå 1700-talet på Osen gard. Vi har ikkje inngåande kjennskap til kva for tilstand dei ulike bygningane har i dag. Ut i frå det som er registrert i SEFRAK, har bygningane mykje av autentisiteten bevart. Samla utgjør desse bygningane og kulturlandskapet rundt, eit viktig kulturhistorisk miljø. I skilje mellom utmarka og innmarka er det mura opp ein flott steingard som ei ramme rundt garden. Denne steingarden har truleg ein høg alder og må ikkje gjerast skade på i samband med ei eventuell utbygging. Det same gjeld for den lafta reservefjosen, gardfjosen, kvernhuset og restane etter det gamle sagbruket. I området langs den planlagde røyrgate, kan det vere eit eldre vegfar, opp langs elva mot Alverstølen. Eldre vegfar er viktige kulturminne som det må takast spesielle omsyn ved ei eventuell utbygging.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Ved framføring av veganlegg, røyrgate, eller ved opparbeiding av riggområde, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Osen gard ligg topografisk fint til, sørvendt ved eit vatn og utlaupet til ei elv. Truleg har garden ei lang historie. Potensialet for at det finst spor att etter førhistorisk aktivitet frå jernalder/ mellomalder vert vurdert som høgt. Vi stiller difor krav om at undersøkingsplikta jamfør lov om kulturminne § 9, skal gjennomførast i god tid før tiltak etter ein eventuell konsesjon vert gjeven. Vi ber om at NVE også innarbeider dette kravet i sin uttale, slik at undersøkingsplikta vert oppfylt før noko form for tiltak vert sett i gang.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Torbjørn Hasund
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER